

OSTERØY KULTURSKULE

«Nevenyttig» – Valfag tradisjonshandverk

Elevar i valfag på 8. trinn på Osterøy ungdomsskule skal sette opp eit tradisjonelt grindbygg med brakekledning og torvtak, i eit turområde som nyttast av mange. Ein pedagog og profesjonell handverkar frå Osterøy museum samarbeider med kunst- og handverkslærar på ungdomsskulen. Eit av delmåla er å bygge opp att sløydsalen på ungdomsskulen for formålet. Hovudmålet er å gje grunnleggande god kunnskap i bruk av tradisjonelle handverktøy, laga gjenstandar med bruksverdi, og skapa eit miljø og interesse blant ungdommar for faget. Etter endt skuleår skal ein evaluere året, og stå igjen med læreplan for «Valfag tradisjonshandverk» som ungdomsskulen kan tilby vidare.

SAMARBEIDSPARTNERE

- Osterøy kulturskule • Osterøy museum • Osterøy ungdomsskule
- Den kulturelle skulesekken – Osterøy

ET GODT RÅD

Det er lurt å ha ein godt gjennomarbeida prosjektplan, men å vere endringsvillig undervegs, og sjå nye muligheiter når ting ikkje går som planlagt.



Tradisjonshandverkar Trond Oalann held på med brakekledning (Foto: Anders Totland)



OSTERØY
MUSEUM